



Møtereferat

Gruppe/tema: K6 – Styringsgruppemøte Tekniske tenester

Møtestad: Nye Ålesund, Kremmergården

Dato: 29.08.2018

Tid: 13:00-15:45

Møteleiar: Kim Andre Breivik

Deltakarar:	Kommune:
Kim Andre Breivik	Nye Ålesund
Kjell Sindre Johansen	Haram kommune
Kim Andre Breivik	Sandøy kommune
Frode Helland	Skodje kommune
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog kommune
Irene Kalstad Aase	Ålesund kommune
Kristin Nonsvik	Tillitsvald (NITO)
Haldor Lillebø	Tillitsvald (Delta)
Michael Verner	Verneombod

Saksliste:

1. Velkommen til de tillitsvalde, rolle
2. Informasjon: Møtegjennomføring, organisasjonskart og faggrupper
3. Kartleggingsdokumentet
4. Oppgåver til neste møte

Referat og konklusjonar:

1.
Kristin Nonsvik (NITO) og Haldor Lillebø (Delta) vart ønska velkomen. Deira rolle er i første rekke å ivareta tilsette, men skal også vere aktive i arbeidet til styringsgruppa.
2.
Kim Andre Breivik gav informasjon. Framover må vi nytte skape-møter i større grad. Dette er ei føring frå prosjektleiinga og gjer at vi sparer reisetid og vert meir effektive. Neste møte, fredag 7/9 er det avtalt skape-møte kl 14:00 - 15:00.

Sak om vidare arbeid med avklaringar om organisering av kommunale føretak skal opp til fellesnemnda 13.09.2018. Rådmennene har 30.8.18 fått brev med tittel: «Eigedomsforvaltning og eigedomsdrift i nye Ålesund kommune- Ber om innspel frå kommunane i nye Ålesund og frå Ålesund kommunale eiendom KF». I brevet er det gitt frist til 21. sept med å kome med tilbakemeldingar. Etter dette skal K6 gjennomføre ein felles swot-prosess med ÅKE, og innspela frå kommunane, Åke og K6 vert grunnlag for sak til fellesnemnda i november-møtet der dett vonleg vert avgjort. Denne saka vert bl.a. avgjerande for korleis vi skal arbeide vidare med eigedomsforvaltning, egedomsdrift



og reinhald. Det vert ikkje oppretta faggrupper for desse tenesteområda enno. Foreløpig rapporterer oppstarta grupper, Brann og redning og Eigedom og eigedomsforvaltning, til K6 styringsgruppa. Det gjeld og Momentum som har fått oppdrag med sjølvkostreglementet til ny kommune.

Utarbeida grunnlagskart er ikkje forslag til nytt organisasjonskart. Dette er eit arbeidsverktøy som viser kva for faggrupper vi opprettar i K6 for å kunne foreslå nytt organisasjonskart etter kvart.

3.

Kartleggingsdokumentet manglar opplysningar om bl.a. nasjonale føringar, statistikk og utfordringar. Det vart og ytra ønske om at overskriftene med fordel kan delast opp i fagområder for å ikkje legge føringar for organiseringa, eks: Vatn, Veg, Plan, Avlaup. Leiar i styringsgruppa vil utarbeide og distribuere ein tabell som alle i styringsgruppa har ansvar for å legge opplysningar inn i som gjeld «eigen» kommune.

Det må arbeidast vidare med å utforme eit mandat til faggruppene. Dette har ikkje blitt laga endå, men det er under arbeid av koordinator og leiar av styringsgruppa. Eit utkast bør vere klart til neste møte i styringsgruppa, då det er korte tidsfristar. Praktisk gjennomføring av oppstart av faggruppene blir tema i skype-møtet 7.9.

Alle dokument som gjeld K6 finn du i Prosjektportalen. Det er viktig at alle brukar denne og legg inn nye opplysningar mv i dokumenta her. Vi kan arbeide samtidig i det same dokumentet.

4.

Innan fredag 7. september skal vi ha oppnemnd deltakarar til faggruppene frå kvar kommune. Representanten i styringsgruppa avklarar i eigen kommune og rapporterer tilbake til styringsgruppa om kven som deltek. Det bør avklarast med rådmann om kven som deltek (3-5 deltakarar i kvar faggruppe, helst ein frå kvar kommune så langt mogeleg):

F1: Matrikkel, kart og oppmåling: Deltakarar er på plass – Er det behov for å redusere denne gruppa?

F2: Vatn, avløp og renovasjon: Deltakarar er på plass - Er det behov for å redusere denne gruppa?

F3: Digitalisering og innovasjon:

F4: Veg, anlegg og park: Ein frå kvar kommune

F5: Reguleringsplan- og byggesak (dispensasjon):

F6: Landbruk og skog: Innspel om at alle 5 tilsette i landbrukskontora i Haram og Ørskog bør delta

F7: Hamn:

Eigedom: Politisk sak i fellesnemnda - sept/nov

Brann og redning: Politisk sak i fellesnemnda - sept/nov

Møtet vart avslutta kl. 15:45

Irene Kalstad Aase
Referent